

Folkeskulen i Lien krets 1890 – 1957

Truleg var det meir eller mindre omgangsskule i Liagrenda alt frå den fyrste tida det vart ordna skulegang rundt 1800-talet. Det er kjent at Erling Syversen Vold heldt omgangsskule i øvre Bagn skuledistrikt frå ca. 1802 til 1815. Han kan vel også ha vore innom Liagrenda. Skulehaldarane hadde lite å hjelpe seg med og svært små sjansar til å skaffe seg kunnskapar. Bøker fanst omtrent ikkje, anna enn hjå prestane. Etter kvart måtte elevane skaffe seg bøker. Dei las i kor frå desse. Til skriveopplæringa vart det brukt tavle og griffel.

Den kjende skulemannen Hartvig Nissen fekk i midten av 1850-åra eit stipend for å studere skuletilhøva på landsbygda. Han var innom ein omgangsskule i Sør-Aurdal og fortel: ”Skulestova var på 36 kvm, og hadde ca. 70 kbm luft. Der inne stod 3 store skåp, ei brei seng og ein vevstol. Skulen hadde berre 11 kvm til rådvelde for 27 elevar. Attåt dette var det 5 ungar inne som høyrde garden til. Dessutan var det mange vaksne karar der som tilhøyrarar, og som kom med kommentarar til undervisinga. Kona ramla av og til på vevstolen. Nokre vaksne ungdommar dreiv også ut og inn gjennom døra. Om karane seier Nissen: ”-nogle ryge en hæsliq Tobak. Atmosphæren er trykkende, til sine tider næsten utaaelig.”- Kontrasten til vår skule i dag blir stor,- det blir klaga mykje på inneklimaet i skulane i dag også.

Etter at presten Stabel kom til Sør-Aurdal, kom skulestellet i fastare former frå 1806.

Då Arne Syversen Dølven vart skulehaldar i 1807, vart det nok meir systematisk skulegang. Frå denne tida ser vi at Lien krets er kome med i skuleopplegget.

Aslak Olsen Østegaarden heldt omgangsskule i Bøen-, Stavedal- og Liens-roden frå 1815-1822. Etter han kan Halvor Syversen Ødegaarden ha verka litt, men helst var det vel bror hans, Syver Syversen Ødegaarden som var skulehaldar fram til 1826. Deretter var det broren Helge Syversen i Roo som heldt skule fram til ca 1835. Då kom den fyrste seminaristen i Sør-Aurdal, nemleg Amund Olsen Eidseie. Så vart Ole Erlandsen Lien skulehaldar fram til den nye skulelova kom i 1860.

Skulelova av 1827 fastsette visse minimumskrav. I kvar skule skulle det finnast Bibel, nytestamente, salmebok, postill, reknebok og Grunnlova. Frå 1834 sa lova at skulen fyrst og fremst skulle vera ein kristendomsskole. Læraren skulle ”beflitte seg paa sund Guds frygt og en christ sømmelig Vandel”.

Skulen i Liagrenda fekk hausten 1859 tildelt 26 ½ skuledagar som skulle haldast med ”2 dagar på Brenden, 1 dag på Pladsen, 4 dagar i Rustøe, 6 dagar i Søndre Lien, 4 dagar i Tollefshaugen, 2 dagar i Nordre Lien, 5 dagar hjå Tosten Svendsen, 9 dagar hjå Tosten Knudsen og 1 dag hjå Knud Halvorsen”. Reknestykkjet stemmer ikkje,- kanskje var somme reserver?

Skulekommisjonen bestemte då at Ole O. Thorsrud sen. skulle vera lærar i bl.a. Lien krets (18 barn i 9 veker). Thorsrud hadde denne posten heilt til han gjekk av i 1885.

I 1886 vart det endringar i lærarpostane. Då vart Knut Gigstad tilsett som lærar med 14 veker på Leirskogen, 6 veker i Kirkeberg og 6 veker i Lien. Han var den andre læraren i Lien med lærarutdanning. Etter at Gigstad slutta i 1892, vart Tore Maanum frå Nord-Aurdal tilsett i denne posten. Om Maanum er det fortalt at han slutta etter 2 år. Han hadde ein stiv peikefinger som han brukte å støyte bort i ungane med. Han fann seg kone i Reinli. Ho heitte Guri Kvål og var dotter til Hermann og Kari Kvål. Maanum drog til Grue, og er kjent for sitt store arbeid med skulehagar.

Då Maanum begynte, vart det vedteke at Nord-Aurdal skulle få ha 2-3 barn på skule i søre Lien mot å betala 10 kr. året for kvart barn. Som vi skjønar har det gått elevar frå Nord-Aurdal lenge i denne kretsen.

Ålmugeskulen fekk etter kvart tilhald i leigde lokale som kommunen betalte for. Betalinga synest å ha vore svært liten. 40 øre veka for lokalet med reinhald og brensel var ikkje noko å bli feit av for 6 veker skule. Etter at lov om folkeskolen kom i 1889, vart det også aktuelt å bygge eigen skule i Liagrenda. I 1893 vart det løyvd 1700 kr. til nytt skulehus, - utgifter utover dette skulle kretsen betala sjølv. Fyrst i 1896 godkjende herredstyret skulestyret sitt vedtak frå 1893, og då skulle kretsen få kommunens andel med 2/5 av overslagssummen på 2500 kr. Dette var ein del meir enn løyvd i 1893, og bygginga kom vel i gang ved dei tider. Huset vart ei tømra stugu på ein etasje med eit par små rom for læraren, og var truleg ferdig til bruk i 1899. Skulestyret løyvde pengar til ventilar i nybygget i år 1900.

I Gard og bygd i Sør-Aurdal står det at Kristoffer Hagene bygde skulehuset på Sagbakken nord for tunet i Søre Lien. Han kjøpte denne garden i 1892. Det skulle ha vore omgangskule i andre-etasje i Lien, men det var kommune, amt og krets som kosta skulen. Vi kan gå ut frå at Hagene skaffa tomt, - og kanskje var det han som skaffa tømmeret. Han var ein dyktig forretningsmann, så truleg gjorde han det ikkje for ingen ting. Den nye skulen vart kalla Solhaug. Den fekk også ein liten jordveg for læraren. Skulejordet var frå gammalt kalla Barbroåkeren.

Nord-Aurdal var med å sikre elevtalet. Skulestyret der ”bifalder at dens del av Liens krets henlegges til Lien av Søndre Aurdal med eget skolehus og 20 uger aarlig skole – og refunderer ¼ av lærerens løn og kosthold”.

Skuletida var utvida til 20 veker og 2 avdelingar i Lien. Det er noko uklart kven som overtok etter at Maanum slutta i 1894. Han stilte Th. Aaberg frå Nord-Aurdal som vikar då han drog. Neste skuleår vart Melchior Tylden frå Sogndal tilsett. Han tok ikkje imot posten. Det er artig å veta at han var bror til bestefar åt dr. Bernt Tylden som var lege i Sør-Aurdal på 1980-talet. Fyrst i 1895 vart problemet løyst. Då vart Hermann Karlsgodt tilsett i lærarposten Leirskogen-Lien med 20 veker skole på kvar stad. I 1898 overtok han posten etter Ole O. Thorsrud jr., og Hermand Johansen Bøhn frå Reinli vart tilsett i denne lærarposten etter Karlsgodt. Bøhn var født i 1872, hadde eksamen frå Elverum 1896 og hadde vore eit år vikar i Gausdal. Sigmund Gjestvang fortel om mor si, Karoline f. Rustøe, at ho ofte tala mykje om skuletida si, og at Hermand Bøhn var ein slik god og triveleg lærar.

I 1904 vart denne stillinga endra slik at Bøhn fekk 20 veker i Lien og 9 i Stavedalen. Han sa opp denne posten i november 1908, og lærar Anne Stavedal vart godkjent som vikar. Bøhn vart innvilga permisjon, og sa fyrst opp for godt i 1910. I 1909 vart Lars Mæhlum tilsett som vikar, og etter Mæhlum vart Johan Hovrud frå Nord-Aurdal tilsett. Han var født i 1882, var underoffiser og hadde eksamen frå Elverum lærarskole 1908.

Olav Landmark vart tilsett i 1912. Han var underoffiser og hadde lærareksamen frå Elverum 1905. I åra 1905-12 var han lærar i Nord-Aurdal.

Han vart formann i kyrkjelydsrådet og var med i herredstyret i Sør-Aurdal, og vart verande i Lien til han gjekk av i 1937. ”Landmarken”, som han vart kalla i daglegtale, var godt likt og respektert som lærar.

Eit slags uthus var vel sett opp ved århundreskiftet, men fyrst då lærar Landmark kom i 1912, skulle dette gjerast meir skikkeleg i stand. Det vart løyvd 2950 kr. til oppføring av uthus, og dette vart bygt med ein gong. I 1914 vart det løyvd eit restbeløp til dette på 580 kr. Det skulle og innreiast eit kvistrom i skulehuset, for lærarparet som berre hadde eit lite kjøkken og kammers. I 1917 vart det meir bygging. Det gamle skulehuset held ikkje mål. Til oppføring og ombygging vart det løyvd 4626 kr. med 2/5 på amtet – 1850 kr.

Skulehuset vart no bygt i to høgder med skulesalar i andre etasje, og lærarbustad i fyrste. Snikker var byggmester Ringen frå Ulnes. Sigmund Gjestvang meiner å hugse at det var Ola Knutshaugen som bygde stabburet, - kanskje i 1920 eller litt seinare.

Fyrst i 1913 vart det løyvd pengar til kjøp av lærarjord med 3000 kr. Truleg var det ikkje ordna formelt med kjøp og kontrakt før den tid. Ved skylddeling i 1914 vart skulen med jordveg utskild og seld til Sør-Aurdal kommune. I 1962 selde kommunen tomte og skulehuset, som grendehus til Lien krets.

Olav Sukke frå Hedalen, vart tilsett etter Landmark. Sukke var bror til Ola H. Sukke, som var lærar og skulesjef i Sør-Aurdal. I 1946 sa han opp i Lien og for til Nes på Romerike. Der fekk han poliomyelitt og døydde same året, berre 35 år gamal.

Frå denne tida kan vi seia at det gjekk nedover med Lien skole. Barnetalet minka stygt, og det var ofte vanskeleg å få lærarar til denne vesle kretsen. Helene Hveem vikarierte etter Sukke. I 1946 vart Sigurd Tveit og Leiv Eriksson (seinare skulesjef i Sør-Aurdal) tilsett her, men ingen tok imot. Vikar det skuleåret var Arvid Ødegård frå Kvam. Året etter vart Torbjørn Rye frå Nord-Aurdal tilsett. Men etter noko om og menn vart det Marit Fuglei frå Åbjør, som vikarierte dette året. Ho fortel at ho var vekependlar, og sykla mellom Åbjør og Liagrenda. Vegen nordfrå var ikkje ferdig lenger enn oppå Kølboett'n, så der måtte ho parkere sykkelen. Derifrå gjekk ho stigen opp gjennom tunet i Nordeng, vidare sørover gjennom tunet i Nørre Lie, Nørre Knutshaugen, Søre Knutshaugen og Sveinlie, til Torbjørg og Einar Lien. Der budde ho i veka.

I 1948 kom Erik Øraker som lærar, og han vart her i 3 år. Etter han vikarierte student Ole Bøhn i 1951/52. Deretter kom Olav Venås frå Seljord. Han kom frå Hølera skule. Venås var ein lærar det stod respekt av. Han var faktisk den siste utdanna læraren i Lien. Han sa opp og flytta frå Sør-Aurdal i 1955.

Liv Bakken (seinare Liv Bang) var vikarlærar skuleåret 1955-56. Dette skuleåret skulle det eigentleg begynne berre ein elev i 1. klasse, men for å behalde todeling, -og behalde skulen, bestemte folk seg for å la dei fire 6-åringane i grenda begynne eit år for tidleg.

Arvid Islandsmoen var lærar hausten 1956. Etter jul måtte han ut i det militære, og då vart elevane sende til Kyrkjebøen. Det var Olav Bakkene som køyrde skulebuss den fyrste tida. Bussen gjekk berre annankvar dag, så 2. og 3. klassingane frå Liagrenda måtte gå saman med 1. klassingane i Reinli dette halvåret. (Det var sikkert likeeins med storskuleungane). Dermed var det sett sluttstrek for skulen i Lien krets.

Kjelder: Sør-Aurdal skolehistorie av Leiv Eriksson s. 50, s. 30, 117 – 121.

Gard og bygd i Sør-Aurdal
Sigmund Gjestvang, Liagrenda
Grete Lien Stenvold
Marit Fuglei, Åbjør